



Skulekorpset under spelinga på basaren i fjor.

**Skulemusikken har dei siste åra hatt basaren sin i slutten av november. Dei har ikkje selt lodd på bøker på førehand. Alt loddsalg har skjedd der og då. Ute på bygda er det salget av dei populære adventskalendarane som rår. Basaren har samla mykje folk, gevinstane har vore mange og flotte, og i tillegg har det vore rikeleg med kaker og flott musikk av korpset.**



Deler av gevinstbordet på fjorårets basar.

Førstkommande søndag kl.16 er det klart for årets basar og konsert i Aktivitetshuset, og Hege Lekva i økonominemnda skriv følgjande i invitasjonen:

**Alle er velkomne til den årlege basaren og konserten til Uskedalen skulemusikk. Det blir ein konsert litt utanom det vanlege, og temaet er sjørøveri. Dette er ein smakebit/teaser på ein større temakonsert som er planlagt til våren. Korpset har i den anledning fått nokre nye songar på repertoaret, og ein kan gle seg til fengande sjørøvermusikk. HIV og HOI !!!!!**

**Etter konserten vert det tre runder med åresal, og gratis kaffi og kaker til alle som kjem.**

**Vel møtt til ein koselig stund i aktivitetshuset !**

Eg gleder meg til både sjørøvarmusikken, åretrekkingane og kakene. Dette er basaren eg pleier å vinna mest på då det er så mange og flotte gevinstar på kvar åreomgang. Kjekt både for meg, ungane og alle andre!



Det var tett både på og ved kakebordet.

Nett og arkivfoto: Thor Inge Døsland